

Karmøy kommune

Postboks 167

4291 KOPERVIK

Dykkar ref.:

22/10633-3Dato: **11.01.2023**Saksnr.: **2023/361**Dok.nr.: **3**

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 19 bnr 15 – søknad om nydyrking – fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om nydyrking på gnr 19 bnr 15 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

På naboeigedommen, gnr 19 bnr 19 ligg det eit automatisk freda kulturminne med ID 64806 – røysfelt. Det bør gå fram av vilkår, ved ei eventuell innvilging av søknaden, at ein skal halde seg borte og utanfor markeringa av dette kulturminnefeltet (inkludert fem meters sikringssone, det gule feltet) i opparbeidinga av marka på gnr 19 bnr 15.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Vedlegg: flyfoto ID 64806

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

